

Gudrun Sæbø  
Strandveien 2a  
5105 EIDSVÅG I ÅSANE

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8769 - 23/73856

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
22.09.2023

## Løyve til utslepp av avløpsvatn - Minirenseanlegg - gnr 488/64 Sæbø ytre

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 988/23**  
**Byggestad:** Gnr: 488/64  
**Tiltakshavar:** Jenny Sæbø  
**Ansvarleg søker:** Hjelmås Vvs As  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

### VEDTAK

**Det vert gjeve utsleppsløyve for einebustad på gnr. 488/64 Sæbø ytre på følgjande vilkår:**

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent minirenseanlegg i reinsekasse A. Restutsleppet frå minirenseanlegget skal førast i til kisteveit som omsøkt og vist på kart.
2. Utsleppet frå eide domen vert gitt for 5 pe.
3. Det skal til ein kvar tid liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensning av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
5. Eide domen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
6. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
7. Om anlegget er avhengig av at det må tømmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med mogelegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).

- 8. Før avløpsanlegget takast i bruk må det ligge føre stadfesting frå montør, serviceavtale for drift og vedlikehald og koordinatar for plassering av anlegget.**

**Vedtaket er heimla i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5.**

## **SAKSUTGREIING**

### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for einebustad på gbnr. 488/64 Sæbø ytre.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eidegdommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg av typen Klargest BioDisc BA før restutsleppet vert ført vidare til kisteveit med heilårsvassføring.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 06.12.2022.

### **Sakshandsamingstid**

Søknaden var komplett og klar for handsaming 15.09.2023 når dispensasjonsvedtak, sak 22/8231 vart omgjort, sakshandsamingsfrist er 6 veker frå denne dato.

### **Planstatus**

Eidegdommen ligg i uregulert område innanfor det som i Kommuneplan for Radøy rev. 2019 er definert som bustadområde.

### **Dispensasjon**

Det er i sak 22/8231, datert 15.09.2023 gjeve dispensasjon frå plankravet i kommunedelplan for Radøy revidert 2019 pkt. 2.1.

Vedtak om dispensasjon gjeld for etablering av bustad med tilhøyrande anlegg på eidegdom gbnr 488/64 slik som omsøkt.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er i nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det ligg føre merknader frå naboar på eidegdom gbnr. 488/83 og gbnr. 488/103.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 15.09.2022.

### **Reinseløysing**

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Klargest BioDisc BA. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser, jf. forureiningsforskrifta § 12-8.

### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskriften § 12-13 2.ledd.

Det ligg ikkje føre serviceavtale.

Om anlegget er avhengig av at det må tømmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med mogelegenhet for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikke leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikke overstig 8 meter).

#### **Privatrettslege tilhøve**

Avløpsanlegget er plassert på egen eide, på gnr. 488/64 Sæbø ytre. Utsleppsleidningen er lagt på egen eide fram til utsleppsstad.

#### **KOMMUNENS VURDERING AV SØKNADEN**

Det er ikke offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reining av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg med utslepp til grøft med heilårvassføring.

#### **Nabovarsling**

Innkomne nabomerknadar frå eigar av gnr. 488/83 og gnr. 488/103 er vurdert og handsama i dispensasjonssaka, sak 22/8231.

#### **Godkjenning etter andre lovverk**

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søker, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande.

#### **GENERELL INFORMASJON**

##### **Mynde til å gjøre vedtak i saka**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

##### **Du kan klage på dette vedtaket**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særsiktig klagenemnd, jf. [forureningsloven § 85](#) 2. ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2. ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

##### **Anlegget er ditt ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikke avgjerd i privatrettslege tilhøve.

**Du må sette i gang innan tre år**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

**Kommunens tilsyn, endring og opphør av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si ytинг/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/8769**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Hogne Askeland  
Konsulent

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Gudrun Sæbø  
Hjelmås Vvs As

Strandveien 2a 5105  
Torvhusmyrane 5913  
2

EIDSVÅG I ÅSANE  
EIKANGERVÅG